

Saksnr: 2019/48-1  
Saksbehandlar: Matti Torgersen

**Saksframlegg****Saksgang**

| Utval                                  | Utv.saksnr. | Møtedato   |
|--|-------------|------------|
| Hovudutval for samferdsel og mobilitet |             | 12.11.2019 |
| Fylkesutvalet                          |             | 13.11.2019 |

**Høyring om endringar i forskrifter til veglova, vegtrafikklova og andre lover som gjeld overføring av fylkesvegadministrasjonen frå Statens vegvesen til fylkeskommunane og omorganisering av Statens vegvesen****Forslag til innstilling**

1. Fylkesutvalet viser til at fylkeskommunen som vegeigar vil ha ansvar for å utgreie skiltbruk på fylkesveg. Ut i frå omsynet til effektiv sakshandsaming og til at det forvaltingsnivået som har ansvar for ei oppgåve også får mynde til å ta avgjerd, må fylkeskommunane få ansvar for å fatte skiltvedtak. Felles skiltbruk kan bli teke vare på gjennom skiltforskrifta og ved at skiltplanar kan sendast til Statens vegvesen for uttale.
2. Fylkesutvalet er samd i at Statens vegvesen framleis bør ha ansvar for kontroll og godkjenning etter tunnelforskrifta og bruforskrifta. Dette må likevel praktiserast på ein slik måte at ein unngår detaljstyring og eit tidkrevjande godkjenningsregime.
3. Fylkesutvalet støttar dei andre føreslegne endringane i forskriftene som er omfatta av høyringa.

**Samandrag**

Vegdirektoratet sendte 3. oktober ut høyringsnotat om endringar i forskrifter til veglova, vegtrafikklova og andre lover. Høyringa følgjer opp vedtekne endringar i lovverket ved gjennomføring av overføring av fylkesvegadministrasjonen frå Statens vegvesen til fylkeskommunane. Justeringane av ei rekkje forskrifter er tilpassa ny organisering av Statens vegvesen. Det meste av endringane er av teknisk karakter. Prosjektleiar meiner fylkeskommunen bør få ansvar for godkjenning og endring av skilt etter skiltforskrifta.

Rune Haugsdal  
prosjektleiar

Dina Lefdal  
påtroppande fylkesdirektør for  
infrastruktur og veg

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift.*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Samferdselsdepartementet la i Prop. 79 L (2018-2109), Innst 312 L (2018-2019) fram forslag til endringar i vegsektoren knytt til den delen av regionreforma som gjeld overføring av fylkesvegadministrasjonen frå Statens vegvesen til fylkeskommunane. Stortinget har vedteke endringane, og dei vil vere gjeldande frå 1. januar 2020. Høyringsframlegget tilpassar forskriftene til dette.

Statens vegvesen (SVV) skal også omorganiseras frå 1.1.2020. Dagens lovfesta organisering i regionar blir erstatta av ein divisjonsmodell. Dei fleste endringane i forskriftene er knytt til oppheving av den lovfesta organiseringa av Statens vegvesen i regionar og blir erstatta med etatsnemninga Statens vegvesen.

Høyringsbrev og høyringsnotat ligg på <https://www.vegvesen.no/fag/publikasjoner/Offentlige-hoeringer/Hoering?key=2824785>

Dei fleste av endringane er av meir teknisk karakter som at omgrepet regionvegkontoret blir bytta ut med Statens vegvesen. Desse endringane er ikkje omtala nærare i denne saka.

### Forskrifter heimla i Veglova

I dag er vedtaksmynde for ulike forhold i veglova gjennomgåande er lagt til SVV sine regionkontor i førsteinstans både for riksveg og fylkesveg. I framlegget er det føreslege at vedtaksmynde i ein del forskrifter blir lagde til fylkeskommunen for fylkesveg og for riksveg til SVV. Dette gjeld:

- Forskrift om alminnelege reglar om bygging og vedlikehald av avkjørsler frå offentleg veg (gjeld tekniske krav til plassering, utforming og vedlikehald av avkjørsler).
- Forskrift om plassering av skogsvirke (gjeld plassering av skogsvirke langs offentleg veg).
- Forskrift om gjerde ved offentlig veg (gjeld gjerdetype, oppsetting og vedlikehald av gjerder).
- Tunnelforskrifta for fylkesveg (gjeld rolla som tunnelforvaltar)

Veglova har andre forskrifter der SVV vil framleis ha ansvar for avgjerd. Dette gjeld m.a.:

- Vegdataforskrifta, som gjeld innhenting, kvalitetssikring og formidling av data om offentlig veg og trafikken som går på veg. Fylkeskommunane skal hente inn og kvalitetssikre data på fylkesveg, men SVV har ansvar for Nasjonal vegdatabank.
- Tunnelforskrift for fylkesvegnettet skal sikre lågaste tillatne tryggleiksnivå for trafikantar i tunnellar for å førebyggje kritiske hendingar. Fylkeskommunane skal få overført rolla som tunnelforvaltar, og har ansvar for å oppnemne ein tryggleikskontrollør. SVV vil framleis ha ansvar for at ein ny eller ein rehabilitert tunnel på fylkesveg kan takast i bruk.
- Bruforskrifta gjeld kontroll, godkjenning og anna oppfølging ved prosjektering, bygging og forvaltning av bru, ferjekai og annan bærande konstruksjon i fylkesvegnettet. SVV skal framleis ha ansvar for å godkjenne arbeidsteikningar og kan avgjere at bygging ikkje kan starte eller bli stoppa, og å fastsetje regelverk for inspeksjon, drift, vedlikehald og anna forvaltning.

### Forskrifter etter Vegtrafikklova

Vegtrafikklova omfattar køyring på veg, og omfattar trafikant og køyretøyområdet. Denne er føresett å vere statleg.

Av forskrifter heimla i vegtrafikklova er m.a. skiltforskrifta. Skiltforskrifta gir reglar om trafikkskilt, vegoppmerking og trafikkllys, samt mynde til å setje opp skilt og dirigere trafikk. Det er ikkje lagt opp til endringar i ansvarsforhold i denne forskrifta, men det er lagt opp til at etatsnamnet Statens vegvesen blir nytta.

Det er føreslått endringar i ein rekkje andre forskrifter etter vegtrafikklova og andre lover som er ein rein teknisk endring tilpassa ny organisering av Statens vegvesen.

## Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet har kompetanse til å gjere vedtak i høyringssaker. I *Reglement for folkevalde organ og delegering*, vedteke av fylkestinget 15.10.2019, framgår det i reglement for fylkesutvalet i punkt 6:

*Dersom fylkesutvalet ynskjer å uttale seg om aktuelle saker og tema, kan fylkesutvalet vedta ei fråsegn om dette på vegner av Vestland fylkeskommune.*

## Vurderingar og verknader

Saka har betydning for ansvarsdeling mellom Statens vegvesen og fylkeskommunen.

Retningslinene for oppgåvefordelinga mellom forvaltningsnivåa seier m.a. at det myndighetsorganet som er tillagt ansvar og kompetanse til å ta avgjerd for ei oppgåve, også skal ha fagmiljøet knytt til oppgåva. Oppgåver som krev stor grad av koordinering/samordning og/eller oppgåver som har store kontaktflatar med kvarandre bør liggje til same organ. Oppgåver som av ulike årsakar ikkje skal la seg påverke av lokalpolitiske forhold, bør vere eit statleg ansvar. Staten bør ha ansvaret for oppgåver som føresett eit nasjonalt heilskapsgrep for god oppgåveløysing. Oppgåver som krev utøving av politisk skjøn og vurdering bør leggjast til folkevalde organ

Prosjektlear meiner at det i stor grad er den oppgåvefordelinga som er lagt til grunn i denne høyringa.

Fylkeskommunen får ansvar for ei rekkje oppgåver knytt til fylkesveg. Det er gode grunner til at kontroll og godkjenning av kompliserte konstruksjonar som bru og tunnel ligg sentralt, då dette krev omfattande teknisk kompetanse som kan vere fornuftig å samle på nasjonalt nivå. Prosjektlear vil likevel peike på at fylkeskommunane får tilført kompetanse også på kompliserte tekniske konstruksjonar. Forskrifta må praktiserast på ein slik måte at ein unngår unødig statleg overstyring på eit detaljnivå for relativt enkle konstruksjonar, t.d. mindre bruer. Det må og unngåast å få eit byråkratiserande og rigid godkjenningsregime som tek mykje tid. Den vidare samhandlinga vil avklare korleis dette vert praktisert.

Høyringsframlegget legg opp til at Statens vegvesen framleis skal ha avgjerdskompetanse etter skiltforskrifta, også på fylkesveg. Grunngevinga for dette er at trafikantane skal ha ein einskapleg og føreseieleg bruk av skilt.

Prosjektlear vil peike på at det uansett vil vere fylkeskommunen som vegeigar som må førebu saker om bruk av skilt og utarbeide skiltplanar. Det verker unødig tungvint og byråkratiserande om ein skal måtte få godkjent alle nye og endra skilt hjå Statens vegvesen.

Skiltforskrifta definerer kva type skilt som skal nyttast, og når dei skal nyttast. Prosjektlear meiner at skiltforskrifta er såpass detaljert at den i store trekk sikrar omsynet til nasjonal heilskapsgrep for oppgåveløysinga. Til ein viss grad vil noen skilt vere basert på lokal kompetanse og på lokal kunnskap. Det gjeld brune visningsskilt, som særleg er retta mot turistar, og i ei viss utstrekning også vegvisningsskilt. Dette bør avgjerast lokalt av regionalt folkevald nivå.

Ut i frå dette meiner prosjektlear at fylkeskommunane må få overført ansvar for å godkjenne skiltplanar og skilt. Skiltplanar kan sendast på høyring til Statens vegvesen for å sikre at det vert ein mest mogleg heilskapleg skiltbruk.

Prosjektlear er elles samd i at det øvrige trafikant- og køyretøyområdet ligg til Statens vegvesen.

**Økonomi:** Ikkje relevant.

**Klima:** Ikkje relevant.

**Folkehelse:** Ikkje relevant.

**Regional planstrategi:** Ikkje relevant.

### **Konklusjon**

Prosjektleiaren meiner at fylkeskommunen bør få ansvar etter skiltforskrifta for fylkesveg, og viser til at fylkeskommunen som vegeigar vil ha ansvar for å utgreie skiltbruk på fylkesveg. Også omsynet til effektiv sakshandsaming og at forvaltingsnivået som har ansvar for oppgåve også får mynde til å ta avgjerd, tilseier at fylkeskommunane bør få dette ansvaret.